



Alver Kommune ved Kulturavdelinga  
Eirik Utne  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6598 - 23/80255

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
23.10.2023

## **Oversender søknad om oppføring av lagerbygg til utfale - gbnr 239/112 Eknes ytre**

**Tiltak:** Lagerbygg  
**Byggjestad:** Gbnr: 239/112  
**Tiltakshavar:** Guldbrandsøy Eiendommer As  
**Ansvarleg søkjar:** Tippetue Arkitekter As

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om dispensasjon og rammeløyve til oppføring av to lagerbygg og natursteinsmur mot sjø på eigedomane gbnr 239/61 og 239/112. Lagerbygga er bygd saman i felles grense. Hallstein Guldbrandsøy eig begge eigedomane.

Begge lagerbygga har eit areal som er oppgitt til 32,8 m<sup>2</sup> og går over eitt plan. Tiltaket medfører utfylling i sjø innanfor område regulert til lager, B3.

Det skal ikkje leggjast inn vatn og avløp i bygga. Avkøyrsla til kommunal veg føl av reguleringsplanen. Det er opplyst at det i utgangspunktet ikkje er behov for parkering tilknytt lagerbygga, då aktiviteten vil vera knytt til av- og pålessing. Parkering kan elles skje i lagerbygg B1.

Det er opplyst i søknaden at tiltaket ligg i sone for stormflo med 200 års gjentakelsesintervall +20% klimapåslag, og at tiltaket tilfredsstiller tryggleiksklasse F1.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eknes industri og kaiområde, planid. 1263-201805, er avsett til føremål lager, B3. Det er vurdert at oppføring av lagerbygg er i tråd med arealføremålet.


Det føl av kommunedelplanen for Lindås (§ 4.5), planid 1263 -201805, at reguleringsplanen gjeld med supplerings/ending av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har egne

føresegner om temaet. Byggegrense mot sjø går fram av kommunedelplanen.


Tiltaket er plassert nærmare nabogrenser enn 4 meter.

Tiltaket krev dispensasjon frå kommunedelplanen når det gjeld byggegrense mot sjø og plan og bygningslova § 29-4.


### Situasjonsplan




### Illustrasjon sett frå sjø



### Utsnitt reguleringsplan



### Utsnitt frå kommunedelplanen for Lindås



### VURDERING

Søknaden vert send på høyring til regionale og lokale styresmakter.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om rammetillatelse - gbnr 239/112 Eknes ytre  
Søknad om tillatelse og dispensasjon.pdf  
Følgebrev\_Søknad om tillatelse og dispensasjon.pdf  
Situasjonsplan Plan på formål 03072023.pdf  
Fra sjøsiden  
Fasade\_22.06.2023  
Illustrasjon naust mot sør  
Illustrasjon naust mot nordvest  
Illustrasjon naust mot sørøst  
Redegjørelse - Skred og flom  
Forslag til av- og pålessing.pdf

**Mottakrar:**

Alver Kommune ved Kulturavdelinga	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver Kommune ved Samferdsel, veg, vatn og avløp - forvaltning	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Bergen Havn Farvannsforvaltning Iks	Postboks 6040	5892	Bergen
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	Oslo
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen